



Byggadministrasjon Harald Bjordal AS  
Ingunn Sætre Bondevik

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2926 - 16/4228

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
01.03.2016

## Godkjenning - utslepp til minireinseanlegg for nytt våningshus på gbnr 18/13

### Administrativt vedtak. Saknr: 55/2016

**Tiltakshavar:** Laila og Torleiv Sandvik  
**Ansvarleg søkjar:** Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS  
**Søknadstype:** Søknad om utsleppløyve frå nytt våningshus

#### Saksutgreiing:

I samband med at eksisterande våningshus på eigedomen gbnr 18/13 på Sagstad i Meland kommune skal rivast og nytt skal oppførast på same staden, er det også søkt om nytt utsleppsløyve, 5 pe. Søknaden er motteke 12.01.2016, og i samsvar med søknad skal avlaupet reinsast i biologisk /kjemisk minireinseanlegg. Reinsa utslepp skal førast til terreng på eigen eigedom.

Eigedomen har i dag utslepp til slamavskiljar med sandfiltergrøft. Eigedomen er tilkopa kommunalt vassverk.

Det er i sak DNT.52/2016, dagsett 26.02.2016, gjeve rammeløyve for oppføring av nytt våningshus.

#### Nabovarsling:

Utsleppet vart nabovarsla 12.1.2016 i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje merknader til tiltaket. Administrasjonen er samd med søkjar i at det ikkje er trong for ytterlegare nabovarsling og stiller difor ikkje krav om dette.

#### **Vurdering:**

##### Planstatus:

Eigedomen gbnr 18/13 er ein landbrukseigedom i drift. Tekniske anlegg som skal tene nytt våningshus på eigedomen er i samsvar med LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel (KPA). Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Eigedomen ligg i eit område med krav til reinsing av avlaupsvatn i biologisk/kjemisk minireinseanlegg og det er ei føremon at eksisterande anlegg vert skifta ut, ettersom eigedomen ligg i eit svært sårbart område.

Minireinseanlegget skal ha dokumentasjon som tilfredstiller NS-EN 12566-3 eller tilsvarande standard for reinsegrad, slamproduksjon og gjennomsnittleg slamproduksjon.

Minireinseanlegget skal drivast og vedlikehaldast i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale. Slik avtale skal liggje føre før anlegget vert teke i bruk.

Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining, jfr § 7 i forureiningslova.

Utsleppsløysinga det her er søkt om, er etter Meland kommune si vurdering, i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløysing som omsøkt i medhald av «Forskrift om begrensing av forureining» sin § 12-5.

Slamavskiljarar som ikkje lenger er i bruk skal sikrast. Dette kan gjerast ved at dei vert fjerna eller ved at dei vert tømde og fylt igjen med steinmassar. Eigar må sjølv syta for naudsynt tømning og sikring av slamavskiljaren. Tilknytning til kommunal slamtømmeordning går ut.

## **Vedtak**

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forureining» sin § 12-5, utsleppsløysing frå nytt våningshus, 5 pe, på gbnr 18/13, i samsvar med søknad motteke 12.01.2016 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via typegodkjend biologisk og kjemisk minireinseanlegg der det reinsa avlaupsvatnet vert ført til terreng på eigen eigedom.
2. Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak.
3. Det skal opprettast skriftleg serviceavtale med leverandør av minireinseanlegget før anlegget vert teke i bruk.
4. Tiltaket er søknadspiktig etter plan- og bygningslova. Arbeidet må ikkje setjast i gong før naudsynte ansvarsrettar ligg føre.

Gebyr for sakshandsaming vert sendt til tiltakshavar.

### Bortfall av løysing:

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løysing er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

### Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Laila og Torleiv Sandvik

Øvre Sagstad 9

5918

FREKHAUG

**Mottakere:**

Byggadministrasjon Harald Bjordal  
AS

Ingunn Sætre  
Bondevik